

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	03.02.2026
Vår referanse	2022/43918-27
Dykkar referanse	202320330-179
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Fråsegn til tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk - Røldal - Suldalsvassdraget, NVE-ref.: 202320330

Tilleggsutgreiinga er utarbeidd etter krav frå NVE for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om korleis dei planlagde pumpekraftverka (Novle 2, Røldal 2 og Kvanndal 2) kan påverke villrein. Utgreiinga samanfatar tidlegare rapportar, GPS-data for simler i området, vurderingar av isforhold og lokalkunnskap. Ho slår fast at inngrepsområdet, særleg rundt Holmavatnet, er eit svært viktig leve- og trekkområde for villrein gjennom haust, vinter og tidleg vår. Holmavatnet har både sentrale vinterbeite (Holmene) og fungerer som ei viktig trekkroute når isen legg seg. Votna er òg relevant i denne samanhengen, ettersom området kan få auka betydning for å ta opp att gamle trekkvegar når ny tunnel på E134 står ferdig. Denne moglegheita kan likevel bli svekt dersom eit framtidig pumperegime gjer isen utrygg vinterstid.

Eit hovudfunn er at endra vassføringsregime ved effektkøyring kan påverke isdanninga, noko som igjen kan redusere villreinens høve til trygg kryssing av Holmavatnet. Vurderingane av framtidige isforhold peikar i ulike retningar, og SINTEF understrekar at det er betydeleg usikkerheit knytt til om isen blir meir eller mindre trygg. Rapporten peikar på at det likevel er grunn til å rekne med at hyppige og raske reguleringsendringar vil gi meir utrygg is, medan jamnare og rolegare regulering kan redusere risikoen. Dette gjer tryggleiken for villreinens vintertrekk til ein kritisk faktor.

Kunnskapsgrunnlaget er no styrkt, og det bør nyttast aktivt for å sikre betre løysingar i den vidare konsesjonsprosessen. Utgreiinga peikar på fleire moglege avbøtande tiltak, men desse kunne med fordel vore betre skildra når det gjeld både gjennomføring og forventet effekt for villrein. Det vert særleg framheva at avbøtande tiltak må støtte opp under auka mobilitet for villreinstamma, med vekt på trekkruoter, vinterbeite og trygg ferdsel over islagde vatn. Samla sett viser dokumentet at dei planlagde kraftverka kan få betyddande konsekvensar for villrein, særleg gjennom påverknad på viktige trekkvegar og vinterareal. For å hindre svekking av bestandsmobilitet og inngrep i leveområda, er det nødvendig med målretta og fagleg godt grunngjevne avbøtande tiltak – og at reguleringspraksis, til dømes manøvreringsreglementet, blir tilpassa villreinens faktiske bruk av området.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

ULLENSVANG KOMMUNE

Opheimsgata 31

5750

ODDA